



Atle Støyva  
Støyvavegen 34  
6826 BYRKJELO

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/1261 - 18/11046

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:  
23.05.2018

## Godkjenning - GNBR 5/192 - Løyve til oppføring av tilbygg

**Administrativt vedtak. Saknr: 105/2018**

### Tiltakshavar:

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-4.

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak:

Administrasjonen viser til søknad journalført motteke 07.05.2018, supplert 11.05.2018, om løyve til oppføring av tilbygg på 29 m<sup>2</sup> til eksisterande fritidsbustad på gbnr 5/192 i Meland kommune.

Plassering og utforming av tilbygget er skildra gjennom situasjonskart og plan-, snitt- og fasadeteikningar vedlagt søknaden. Administrasjonen vurderer at søknaden inneheld tilstrekkelege opplysningar til at den kan behandlast, jf pbl § 21-2, 1. ledd.

### VURDERING:

#### Nabovarsling:

Søknaden blei nabovarsla i april 2018. Nabovarslinga blir vurdert som tilstrekkeleg, jf pbl § 21-3.

#### Plan- og lovgrunnlag:

Eigedomen er ein matrikelregistrert fritidseigedom med samla areal på om lag 1268 m<sup>2</sup>, som gjennom kommuneplanen sin arealdel (KPA) med føresegn er gitt status som LNF-spreidd fritidsbustad, jf føresegn 3.2.3 til KPA, jf tabell 9.2. Omsøkt tiltak er i samsvar med formålet og krev ikkje dispensasjon, jf føresegn 3.2.2. Fritidsbustaden – etter gjennomføring av tiltaket som omsøkt – held seg innanfor dei generelle krava til størrelse (inntil 120 BRA) og utnyttingsgrad (inntil 20 %-BYA) for fritidsbustader, jf føresegn 1.6.14 til KPA.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

### Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Administrasjonen godkjenner plassering av tiltaket som vist på situasjonskart vedlagt søknaden med avstand til naboeigedomen gbnr 5/114 på inntil 3,8 meter (sjå opplysning i søknadsskjema), jf pbl § 29-4, 3. ledd bokstav a. Det ligg føre avstandserklæring frå eigar av gbnr 5/114 om rett til plassering av tilbygg i samsvar med situasjonskart. Tiltaket er med dette i samsvar med pbl § 29-4 om plassering, høgde og avstandskrav.

### Planløyising og utsjånad:

Tiltaket blir vurdert å ha forsvarlege planløyisingar og arkitektonisk utforming, jf pbl §§ 29-1, 29-2 og 31-1 (kulturell verdi).

### Veg-, vatn- og avlaup:

Tiltaket endrar ikkje desse tilhøva.

### **VEDTAK:**

”Meland kommune gir i medhald av Plan- og bygningsloven (pbl) § 20-4, jf § 21-4 løyve til oppføring av tilbygg til eksisterande fritidsbustad på gbnr 5/192 i Meland kommune, jf søknad journalført motteke 07.05.2018, supplert 11.05.2018.

Plassering og utforming av tilbygg og konstruksjonar skal vere som vist på vedlagt situasjonskart og plan-, snitt- og fasadeteikningar journalført motteke 07.05.2018. Minstegrensa på 4 meter frå nabogrense er absolutt dersom anna ikkje følgjer av saksutgreiinga og vurderinga ovanfor.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden blir registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse. Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket blir innstilt i lengre tid enn 2 år, jf pbl § 21-9.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, så framtid ikkje anna følgjer av dette vedtaket.»

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga blir ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det blir kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
Juridisk rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Situasjonskart  
Teikningar

**Mottakarar:**

Atle Støyva

Støyvavegen 34 6826

BYRKJELO